

VEDLEGG TIL ÅRLEG MELDING


Forbruk av breispektra antibiotika

Utdjupande rapportering per føretak for krav i kap. 2.3 Betre kvalitet og pasientsikkerheit:

- 30 pst. reduksjon i samla forbruk av breispektra antibiotika i 2020 samanlikna med 2012.¹ 2020 er siste året for handlingsplan mot antibiotikaresistens i helsetenesta og målepunkt for planperioden.

Oversiktar under frå <https://www.antibiotika.no/antibiotikaforbruksrapporter-for-norske-sykehus/> viser årleg utvikling i forbruk per føretak, fordelt på dei fem breispektra midla.

Helse Bergen HF:




Ved utgangen av andre tertial 2020 var bruken av dei fem breispektra antibiotikatypane redusert med 18 prosent i Helse Bergen samanlikna med 2012, frå 17,59 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 14,38 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2020.

I Helse Bergen har pandemien med endra pasientsamansetning saman med reduksjon av anbefalt dose for eit av midla (cefotaksim) bidrege til reduksjon siste året. Fleire kliniske einingar har også jobba systematisk med å redusere unødig bruk av breispektra antibiotika.

¹ Målt som desse fem breispektra midla: Karbapenem, 2. og 3. generasjon cefalosporin, penicillin med enzymhemmar og kinolon.

Det er likevel grunn til å tru at bruken av breispektra antibiotika kan reduserast ytterlegare då fleire einingar enno ikkje har kome i gang med arbeidet. Fagdirektør og helseføretaket sitt antibiotikateam utarbeidde difor ein ny og konkret handlingsplan i februar 2020, men arbeidet med å setje planen i verk har dessverre ikkje starta skikkeleg opp som følgje av pandemien. Helse Bergen sitt Kvalitets- og Pasientsikkerhetsutvalg har i januar 2021 godkjent og satt i verk ein konkret milepælsplan for det vidare arbeidet.

Helse Fonna HF:



Ved utgangen av andre tertial 2020 var bruken av dei fem breispektra antibiotikatypane redusert med 17 prosent i Helse Fonna samanlikna med 2012, frå 19,25 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 16,07 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2020.

Helse Fonna har etablert antibiotikateam og antibiotikakontaktar i dei ulike avdelingane som skal arbeide særskilt med bruk av antibiotika. I 2020 har det vore mindre tilgjenge av ressursar til arbeidet med antibiotikabruk. Frå hausten 2020 er smittevernteamet styrka og Helse Fonna vil sette eit ekstra fokus på rett bruk av antibiotika og bruk av den nasjonale rettleiaren.

Helse Førde HF:



Forbruk av et utvalg bredspektrede antibiotika i Helse Førde HF korrigert for liggedøgn



I 2018 nådde Helse Førde målet om 30 prosent reduksjon i forbruk av dei fem breispektra antibiotikatypane. Diverre har det vore ein auke i forbruket dei siste to åra, noko som viser at tiltaka ikkje er godt nok implementert i organisasjonen. Ved utgangen av andre tertial 2020 var bruken redusert med 8 prosent samanlikna med tal frå 2012, frå 17,35 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 15,98 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2020.

A-teamet i Helse Førde er i stor grad samansett av dei same ressursane som har vore opptekne med koronasituasjonen, og arbeidet har difor ikkje har hatt same prioritet i 2020.


Antibiotikaarbeidet vil bli tatt opp att i 2021. Det er mellom anna planlagt oppfølging med *Nasjonal kompetansetjeneste for antibiotikabruk i spesialisthelsetjenesten* på nyåret 2021.

Helse Stavanger HF:



Forbruk av et utvalg bredspektrede antibiotika i Helse Stavanger HF


korrigert for liggedøgn



Ved utgangen av andre tertial 2020 var bruken av dei fem breispektra antibiotikatypane redusert med 15 prosent i Helse Stavanger samanlikna med 2012, frå 18,38 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 15,59 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2020. Grunna covid-19-pandemien har det vært betydeleg redusert merksemd på antibiotikastyring frå bidragsytarar innan smittevern og infeksjonsmedisin siste året.

Samtidig har endringar i pasientsamansetning og aktivitet påverka tala. Forbruk av breispektra antibiotika målt opp mot talet på liggedøgn har gått opp frå 2019 til 2020 i Helse Stavanger. Føretaket understrekar at om ein bare ser på reint forbruk (tal på doser), så er dette redusert frå 2019 til 2020. Tal på liggedøgn går raskare ned enn forbruket i føretaket, og dette påverkar indikatoren. I 2021 vil Helse Stavanger forsette arbeidet med å redusere unødvendig bruk av antibiotika.

Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS):



Haraldsplass Diakonale Sykehus har jobba godt med antibiotikabruken i sjukehuset over fleire år. Dei har nådd målet om 30 prosent reduksjon i bruken av dei fem breispektra antibiotikatypeane sidan 2017. Ved utgangen av andre tertial 2020 var forbruket redusert med 35 prosent samanlikna med 2012 (frå 18,46 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 11,95 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2020).

Viktige element i arbeidet har vore tett samarbeid mellom mikrobiologisk laboratorium og klinikk, engasjerte klinikarar og tilgang på nasjonale retningslinjer. Det ble i 2016 oppretta eit antibiotikateam som består av infeksjonslege, mikrobiolog, farmasøyt, 7 smittevernpersonell, sjukepleiar og lege frå klinisk avdeling. Det tverrfaglege teamet har deltatt på årlege nasjonale samlingar og dei har jobba aktivt for å rasjonalisere antibiotikabruken. Antibiotikateamet jobbar kontinuerleg med å sikre rasjonell antibiotikabruk og dei er særleg opptatt av at nye medarbeidarar blir del av den gode antibiotikakulturen som rår på sjukehuset.